

# RADAR

NR. 1 — 2023 · 39. ÅRGANG · KYRKJEBLAD FOR RADØY SOKN

Kirkens Nødhjelp  
Fasteaksjonen 26. - 28. mars

HÅP I EIN DRÅPE VATN

VIPPS til 2426

# Leiarskifte på kyrkjekontoret

Tekst og foto: Håkon Glatved-Prahls

**Ho har vore regionleiar i NMS Bjørgvin, rådgjevar i Kirkens SOS, politikar og mykje meir. No har Grethe Lunde overtatt som dagleg leiar på kyrkjekontoret på Manger og dermed i Radøy sokn.**

Som forgjengaren sin, Audun Sylta, har ho same rolle i Lindås sokn også. Det betyr at 62-åringen frå Lunde har personalansvar for til saman 10 personar. (Les intervju med Audun på side 4).

- Eg har fått god kontakt med alle tilsette, og det motiverer meg at dei er så kompetente på sine fagfelt. Det gir eit inspirerande grunnlag til å møta utfordringane vi står framfor både her på Radøy og i heile Alver, seier Grethe.
- Friskt av deg å satsa i ny, krevjande jobb i godt vaksen alder!

- Det kan du sei, men eg kjenner godt til både kyrkjene her lokalt og strukturen i Fellesrådet, der eg var leiar fram til nyttår då eg starta i den nye jobben.

## Oppatt av relasjonsbygging

Grethe er utdanna som både lærar og psykoterapeut, og er særskilt opptatt av relasjonar og relasjonsbygging.

- Eg har alltid likt å jobba med menneske. Det å kunne få leggja til rette for at andre kan utvikla seg, og dermed få ut sitt eige potensial, er utrøleg viktig. Samarbeid basert på relasjonsbygging gir positive effektar – noko eg har stor tru på at vi får til her lokalt også.

I heile 13 år var Grethe regionleiar i Det Norske Misjonsselskap Region Bjørgvin, med Bergen som arbeidsstad. Før ho kom «heim» til Radøy frå nyttår, var ho rådgjevar i Kirkens SOS, også det med Bergen som kontorstad.

- Eg har rekna ut at eg vil spara to og ein halv til tre timer kvar dag i reisetid til og frå jobb. Og ikkje nok med det, eg har store ambisjonar om å sykla til og frå Manger.

- Det er ikkje akkurat den breiaste vegen du skal sykla på då?

- Nei, men det skal nok gå fint. Mannen min har spandert



Grethe Lunde får overlevert nøklane til kontoret av avtroppende dagleg leiar, Audun Sylta. - Eg er svært takksam for å få lov til å jobba i kyrkja, seier Grethe.

elsykkel på meg. Eg har testa ruta: Frå Lunde over Lifjellet til Manger tek det berre 17 minutt!

## Tre periodar i kommunestyret

Grethe Lunde er gift med Bjørn Rune, har tre barn og tre barnebarn. Mange vil hugsa henne frå politikken etter at ho sat tre periodar i Radøy kommunestyre og ein periode i fylkestinget, for Kristeleg Folkeparti.

- Kva har denne erfaringa gitt deg?

- Først og fremst var det svært lærerikt. Og i politikken får du høve til å påvirka og ta avgjerder. Det håpar eg kjem til nytte i denne jobben også.

- Kyrkja står framfor krevjande tider, både økonomisk og på organisasjonsplan. Korleis ser du på det?

- Endring og omstilling kan vera utfordrande. Men det er viktig å sjå på endring som noko positivt også, og ikkje tenkja «nei, no får vi færre ressursar! Vi bør heller fokusera på korleis vi kan jobba annleis, kanskje smartare og nå nye mål med ei litt anna oppskrift, seier Grethe.

Ho er klar på at ein ikkje må gløyma det overordna målet, nemleg at tilsette i kyrkja legg til rette for at menneske kan få næring til trua og eit møte med Gud. Og ho legg til:

- Eg er svært takksam for at eg er i denne jobben no og får lov til å jobba i kyrkja.

# Han gjev klang til klokkene

Tekst og foto: Gunnar Kartveit

- Her har eg gode kollegaer og trivest godt, seier Torstein Skjelvik.

I november byrja han i driftsavdelingen i Alver kyrkjelege Fellesråd. Kyrkjeterarane hører til i driftsavdelingen, i tillegg har avdelingen ansvar for stell av kyrkjegardane og for bygningar.

Torstein Skjelvik sin stilling er delt i 60% utearbeid og 40% som kyrkjetenar i Hordabø og Sæbø. Han har maskinførarbevis, så han styrer gravemaskin, brøyter snø på vegane innanfor kyrkjemurane, og kjører plenklippar på gravplassen.

25-åringen har erfaring med store kjøretøy. I tre år har han arbeidd i NGIR, og køyrd i heile området til renovasjonsselskapet. Men å klatra opp inne i kyrjetårnet for å ringja med klokkene, er nytt for han.

- Eg trivest med å ha ordna arbeidstid og gode rutinar i jobben, seier han.

- Arbeidsdagane kan variera mykje, men me er alltid minst to lag, og har godt samarbeid. Me har gode rammer for arbeidsdagen, og eg gler meg til å gå på jobb.

Velkommen, Torstein!



Torstein Skjelvik ringjer inn til gudsteneste så det kan høyrast lang veg

## Frå miksepult til ein miks av oppgåver

Tekst og foto: Gunnar Kartveit

- Kultursektoren vart hardt ramma av korona, og eg vart permittert frå jobben min i eit firma som m.a. hadde ansvar for lydteknikk i Grieghallen. Då fekk eg spørsmål om nokre vikariat i Meland kyrkje, og det gav meirsmak. Difor sökte eg på denne jobben då den vart ledig.

Dette fortel Ørjan Abrahamsen. Med bakgrunn som sceneteknikar og TV-/videoteknikar har han jobba med lyd og biletar i 26 år, men fekk lyst å nytta erfaringa si på nye område. Han bur på Frekhaug, men har ein god del av arbeidet sitt på Radøy – i tillegg til resten av Alver.

- Her er det stor variasjon i arbeidsoppgåvene, alt frå å vera høgt oppe på kyrkjespiret med eit målarspann til arbeid på gravplassen, skru på utstyr og maskiner, eller ordna eit lydanlegg eller ein prosjektor til framvising av biletar. Eg ser ting som må ordnast, og likar å gjera noko med det. Eg trivest med å halda orden, og dreg nytte av å vera godt førebudd og vera ute i god tid.

Ørjan har fått tid til ymse i sitt 53 år lange liv. I 1½ år jobba han som sjåfør for Vestlandske Salslag, og som 21-åring var han i Rotterdam for Sjømannskyrkja.



Brøyting og plenklipping er mellom oppgåvene til Ørjan Abrahamsen

- Eg lærte mykje ved å gå på skipsbesøk og møta trailersjåførar. Sidan eg sjølv hadde vore sjåfør på storbil, fann me alltid eit kontaktpunkt og noko å snakka om.

Han tenkjer litt, reflekterer over det han har opplevd.

- Å sjå menneske er ein fin ting. Når eg møter folk på ein kyrkjegard, er dei gjerne i sårbare situasjonar. Då er eg oppteken av å møta dei på ein god måte. Det har eg fått gode tilbakemeldingar på. Når me set ned urner, er det gjerne berre familien og eg. Då er det godt å kjenna at me er ilag, også for meg sjølv om eg ikkje er i den nære familien.

Velkommen, Ørjan!

# – Tillit har vore viktig for meg

Tekst og foto: Håkon Glatved-Prahls

**– Gir du folk tillit, så får du som regel utruleg mykje tilbake. Då får du sjølvgaande folk, som gjer jobben sin – og vel så det!**

Orda tilhører Audun Sylta, mannen som har styrt kyrkjene på Radøy dei siste 13 åra, først som kyrkjeverje, dei siste åra som dagleg leiar i både Radøy sokn og Lindås sokn. No har han trekt seg tilbake og overlatt roret til Grethe Lunde.

– Kva har vore det beste med jobben du har hatt?

Audun trekkjer pusten og tenkjer seg nøy om.

– I min jobb har eg treft mange positive menneske, både flinke tilsette og folk utanfrå. Eg har vore i eit godt miljø og alltid gledd meg til å gå på jobb. Det får bli det overbyggande svaret.

67-åringen frå Sylta starta sin yrkeskarriere i Radøy kommune tilbake i 1975, først på landbrukskontoret, deretter på kommunekassen. Og det var kanskje på kommunekassen Audun fekk interesse for pengar og skatt, sidan han har jobba i skatteetaten i godt over 30 år. Han var mellom anna likningssjef på Radøy i 11 år.

**– Som å koma heim**

– Kvifor skifta du beite?

– Eg følte behov for å gjera noko heilt nytt etter så mange år i skatteetaten. Å få jobben her på kyrkjecontoret, var nesten som å koma tilbake til likningskontoret på Radøy, med ein mykje mindre stab. Då eg sluttar i skatteetaten i Knarvik, var vi 35 medarbeidarar.

– Kva har vore dei største utfordringane som kyrkjeverje og dagleg leiar?

– Det har vore mange små og store oppgåver opp gjennom åra. Den største omveltninga var i samband med kommunenesamanslåinga. Då Radøy, Lindås og Meland vart til Alver kommune, vart også dei tre fellesråda slått saman til eitt fellesråd. Det førte til ei krevjande, men interessant omorganisering.

– Avstivinga av Manger kyrkje var vel også ei vaksen oppgåve?

– Ja, absolutt. Vi hadde planlagt å skifta ut oljefyrene på Hordabø og i Manger då den skeive kyrkja brått overskugga alt anna, både økonomisk og elles. Kyrkja på Manger vart stengt i 2018 og opna ikkje igjen før året etter. I mellomtida vart heile bygget stiva av. Det var ikkje råd å retta ho opp, så det vart eit omfattande arbeid med å «låsa» kyrkja i den posisjon ho hadde fått – og har no.

## Skryt til Radøy kommune

Audun skryt av Radøy kommune i samband med denne omfattande jobben.

– Kommunen tok heile rekninga på 6,5 millionar kroner. Radøy kommune har aldri vore ein rik kommune, men samarbeidet mellom oss i kyrkja og kommunen har alltid vore godt. Den gode kommunikasjonen vi har hatt, har vore utruleg verdifull.



– Eg har hatt eit rikt arbeidsliv, spesielt på Manger, seier nyslått pensjonist Audun Sylta.

Han har også ei anna forklaring på kvifor kommunen tok heile rekninga med Manger-kyrkja:

– Ordførararen sat på kontoret sitt og såg rett bort på kyrkja. Han vart minna om det kvar gong han såg ut glaset, seier Audun og bryt ut i sin karakteristiske latter.

– Var det vemodig å gje seg?

– Nei, kjem det kontant. – Eg hadde så mykje ferie og avspasering igjen at det nærmast blei ei styrt avvikling utover hausten i fjor. Etter å ha jobba samanhengande i 47 av dei 67 åra eg har levd, er det ei tid for alt. No putlar eg på med vedhogst og vedlikehald av hus, uthus, løe og hytte; det er alltid nok å gjera.



## Heilag tre kongars-fest

6. januar er – ifølgje tradisjonen – Heilag tre kongars-dagen, den dagen vismennene kom for å sjå Jesus-barnet som var fødd. I ein del år er dette blitt feira i Sæbø kyrkje, og i år vart det på nytt fest etter tre års pandemi-opphald.

Bileta viser at det var fullsett rundt borda, og dei tre kongane kom ved hjelp av Even Askeland, Bjørn Rune Martinsen og Jostein Dale.



# Frå kyrkjebenken

Tekst: Magne Bjørndal

Foto: Synnøve Bjørndal

Både Berge og kona Sylvia har vore aktive i kyrkjelydar der dei har budd, heilt sidan dei gifta seg i 1966. Ikkje minst i den perioden dei budde i Osterfjorden, hjelpte dei til på gudstenester, var med i sokneråd og organiserte ulike arrangement og aktivitetar.

Då dei flytta til Knarvik for seks år sidan, engasjerte dei seg i ulike delar av kyrkjelivet her. Men dette har vorte vanskelegare dei siste åra, etter at Sylvia fekk sjukdommen Alzheimer. No sit ho i rullestol, og har mista taleevna. Men ho har glede av å koma til kyrkja, høyra evangeliet forkynt, oppleva liturgien og fellesskapet, og spesielt å få ta imot nattverden. Så når vær og føreforhold gjer det tilrådeleg, kjem dei gåande opp til kyrkja frå Knarvik sjukeheim, der Sylvia bur.

– *Kva set du mest pris på ved kyrkjelyden vår?*

– Misjonsengasjementet, song og musikk, fellesskapen med venner av ulike nasjonalitetar.

– *Korleis vil du skildra kyrkja?*

– Ein stad der vi kjem saman om Guds ord, dåp og nattverd, i bøn til Gud og i samfunn med kvarandre.

På spørsmål om kva salme han gjerne syng for tida, fortel Berge at dei to ikkje syng så mykje sjølve no, men at når Sylvia kjem heim til leilegheita deira, hører dei ofte på Salmeboka minutt for minutt, som dei finn på internett. I det siste har dei ofte sett og høyrt på episode 19, som inneheld salmar som Ingen er så trygg i fare, Salige visshet:

Jesus er min og Jeg er i Herrens hender.

– *Kva kjenneteiknar ein god kyrkjekaffi?*

– 1. Kaffi, te og saft, og noko vi set pris på å få ved sidan av. Også noko for barn og unge.

2. Ei kort orientering om aktuelle saker frå kyrkjelyden og kyrkja andre stader i Norge, eller frå den verdsvide kyrkja.

3. Samtale rundt borda om laust og fast, kanskje også om noko frå gudstenesta som nett er avslutta. Berge legg vekt på at kyrkjekaffien må leggjast slik til rette at alle kjenner seg velkomne og deltek med glede, så sant dei har høve til det.

## FAKTA:

**Namn:** Berge og Sylvia Toppe

**Alder:** Berge – 82 år

**Bustad:** Knarvik (tidlegare Øvstegård)

**Yrke:** Pensionist (tidlegare lektor og misjonær)



# Ragnhild Jepsen blir vigsla som biskop 16. april: Gler seg til å juble for påska

Tekst og foto: Jens Z.Meyer/Bjørgvin bispekontor

**Ragnhild Jepsen blir vigsla som ny biskop i Bjørgvin første søndag etter påske, 16. april. Ho er framleis domprost i Nidaros domprosti, men me fekk ein liten samtale med biskopen som alt er utnemnd, men enno ikkje har kledd seg i bispekåpa.**

Ragnhild Jepsen har vore til stades i fleire bispevigslar tidlegare. Ho trur ein slik dag kan vera god å ha i ryggen seinare. — Det er mykje fest og fokus på ein person, og det er fint å ha med velsigninga, bønene og fellesskapet når kvardagen kjem med ulike krevjande situasjoner. Det er noko stort i det å bli sett og kjenne på kyrkja sitt tydelege ja til meg som biskop, eg ser verkeleg fram til den dagen.

Eg er også veldig glad i å feire gudsteneste, og det blir flott å synga påskesalmar denne første søndagen etter påske, seier ho.

– Er påska relevant i vår tid?

– Når me jublar påskegleda ut på første påskedag, er det på vegner av alt Gud har skapt som også skal bli nyskapt. Det som hende i påska med Jesu død og oppstode er det endelege beviset på at Gud har frelst sin skapning og har tru på mennesket og alt Han har skapt, seier den komande biskopen.

– Kva ser du fram til ved å bli biskop?

– Eg ser fram til på bli kjent i bispedømet og med menneska her, med kyrkjelydane, både tilsette og frivillige medarbeidarar. Eg ønskjer også å vera ei tydeleg stemme i kyrkja og på vegner av kyrkja, seier den komande biskopen. Ho er ikkje klar til å lansera noko særleg satsingsområde for sin eigen del. – Eg vil først av alt lytta meg inn til kyrkja og livet i Bjørgvin.

Den nye biskopen kjem fra Ål i Hallingdal. Ho har røter i Vestland, men har ikkje budd her før. – Eg gler meg til å flytte til Bjørgvin og ser fram til å bli kjent i byen og fylket. Det blir mykje nytt, ikkje minst det å etablera seg med eit nettverk, også på fritida, det er eit arbeid i seg sjølv, seier Ragnhild som med seg til bispebustaden på Landås har med ektemannen Einar Vegge. Han er pilegrimsprest i Nidaros, og har reist langs delar av kystpilegrimsleia i bispedømet vårt. Dette ser også Ragnhild fram til å få høve til. Dei har to vaksne born, Håkon og Ingjerd.

– Du syng i kor i Nidarosdomen, trur du at du får tid til å synga i kor i Bergen?

– Det skal vel godt gjerast. Eg har sunge i kor sidan eg var



Ragnhild Jepsen framfor Bergen domkirke der ho blir vigsla til biskop i Bjørgvin 16. april.

tre år, og viss det byr seg eit høve, seier eg ja, kanskje til eit prosjektkor?

Ragnhild Jepsen er 54 år, og har vore prest i 25 år, først som kapellan i Åmot i Østerdalen, sidan som kapellan og sokneprest og frå 2011 domprost i Nidaros domprosti. – Dette har gjeve meg mange erfaringar og møte med menneske i sorg og glede som eg tek med meg. Eg har som prost også vore mykje med i rådsarbeid, bl.a. fellesrådet i Trondheim. Eg er oppteken av at både organisatoriske strukturar og alt det praktiske med bygningar og liknande gjev gode rammer for at kyrkjelyden kan driva sitt kyrkjelydsbyggjande arbeid, seier den nye biskopen. Dei som har møtt henne, skjørnar at ho er glad i å vera saman med folk.

– Kva har kyrkja å «tilby» til folk flest?

– Gode fellesskap der du kan koma uansett alder, funksjon eller prestasjon. Me skal også vera ein fortolkar av tida vår. Dersom me til dømes opplever barnefattigdom, korleis kan me då vera kyrkje på ein truverdig og evangelisk måte? Dette må skje lokalt, men det er viktig å ha støtte frå bispedømet.

Eg synest det er viktig at kyrkja, som ein del av lokalsamfunnet, spelar saman med lokale organisasjonar, skular og grupper. Eg vil også oppmuntra om å byggja kristne fellesskap der me samlast om det som er umisseg for oss.

# Den store internasjonale juletrefesten!

Tekst: Anne Sofie N. Uthaug

6.januar i år var det duka for stor juletrefest i Knarvik kyrkje med om lag 250 deltagarar frå fleire nasjonalitetar. Dette er dagen vi kallar Heilagtrekongarsdag i kyrkja, og har vore ein vanleg dato for juletrefestar i Norge. Men dagen er også dei ortodokse kristne si tid for jul, mellom anna mange ukrainarar.

Knarvik kyrkje vart fylt opp av alle generasjonar for program og servering frå fleire nasjonar og juletregang etter gamal norsk oppskrift. Bjarte Leithaug, jenter som dansa og Galina frå Ukraina og barnekoret Sing Out bidrog med program. Mat og servering nok til dei 300 påmeldte vart ordna av gode frivillige. Det var mange glade fjes som fylte opp både oppe og nede i kyrkja den kvelden.



Juletregang med fleire ringar. (Foto: Synnøve Bjørndal)



Nesten ingen tørre auge i salen når dei ukrainske jentene dansa til ære for heimlandet sitt. (Foto: Anne S. Uthaug)



Flott matbord og mange å mette. (Foto: Synnøve Bjørndal)

## Tenåringsskameratar frå Lindås

Tekst og foto: Øystein Skauge

T.v ser vi George (15) og t.h. kameraten Rodion (13) frå Ukraina. Dei feira ukrainsk jul i kyrkja i Knarvik, men hadde først hatt norsk julefeiring i lag med familien her. Inntrykket av dei mange julegåvene var stort.

Begge har vore ca. 8 månader i Norge. Dei bur no på Lindås der dei etter kvart har fåt nokre få venner ved Lindås ungdomsskule. Dei snakkar litt engelsk, litt mindre norsk, og masse ukrainsk, men fortel om framgang med å lære seg språket. Dei kom til Norge med buss. No lengtar dei litt heim. Likevel seier dei at det er bra i Norge. Hobbyen er å fiske torsk i fjorden.





## – Krigen utfordrar det kristne menneskesynet

“Klar til strid” Foto: Kåre Sponberg, NRK

Tekst: Arthur Kleiveland

Gjennom NRK-serien «Klar til strid» får vi eit innblikk i korleis ungdom blir rusta til moglege krigshandlingar. Samtidig rasar krigen for fullt i Ukraina med sine forferdelege konsekvensar. Norske soldatar har dei seinare år også vore i mange skarpe oppdrag i internasjonal teneste.

– I skyttargravene kjem vi i møte med våre djupaste tankar, vår tru og vårt livssyn. Krig kan utfordra det kristne menneskesynet, seier Hans Kenneth Sundsbø frå Alversund og sjøforsprest i sjøforsvaret.

– Bibelen snakkar om at vi ikkje skal ta liv – og heller venda det andre kinnet til. Kan du som kristen og prest forsvara å gå i krig?

Hans Kenneth Sundsbø har sjølv opplevd å vera til stades i det som kunne ha utvikla seg til «skarpe oppdrag» i internasjonalt farvatn. Han peikar på at krig utfordrar Bibelen sine formaningar om tilgjeving, om å elska våre fiender, og om tanken på kyrkjelydane som forsmak på det evige fellesskap. Samtidig viser han til at det i Romarbrevet (kap 13) står om lydnad til styresmaktene.

– Denne bibelteksten er krevjande, for vi veit så sorgjelag godt at historia er full av eksempel på at styresmakter bryt med folkeretten, går til angrepsskrig og utarmar eige folk.

Sundsbø seier at kyrkja har måtte jobba med spørsmål om kristne kan vera soldatar, om det kan vera rett enkelte gongar å gå til krig. Han er tydeleg på at alle trus- og livssynsarbeidarar i Forsvaret må stilla seg spørsmålet om dei kan vera del av ein militær organisasjon.

– Nåde og tilgjeving, og å venda det andre kinn til, kan sjå ut til å stå i motsetning til soldatane si opplæring og utdanning. Nokon har løfta fram den absolutte pasifisme som svar på dette, medan andre har jobba med ulike nyansar og situasjonar knytt til bruk av våpenmakt, seier 47-åringen.

– *Er det rett av Norge å støtta Ukraina med krigsmateriell i den pågående krigen?*

– Våpenstøtte er ikkje det same som å gå inn i konflikten som aktiv part, men å støtta eit uavhengig og demokratisk land sin rett til forsvar av eige landområde, seier Sundsbø.

Kommandørkapteinens frå Alver understrekar at Russland si annekttering av ukrainsk land er brot på folkeretten. Krigen går i sine grufulle former ut over sivile, krigsfangar, byar og land. Difor ser Sundsbø det heilt klart i samsvar med rettferdig krig-tradisjonen å støtta Ukraina med våpen, opplæring og anna materiell. Han meiner vi er forplikta til å støtta Ukraina sin fridomskamp. - Må freden koma raskt!

### **Soldaten sitt ytterste kall er å måtte setja livet til**

– I møte med livets hardaste brutalitet, som krig kan vera, må trua til den enkelte ha sin plass, meiner Sundsbø.

– Skal ungdom kallast til teneste for folk og land, så skal presten og andre vera med som støtte for å ivareta soldatane på alle nødvendige måtar. Det seiest at det ikkje finst ateistar i skyttargravene, det er nok litt forenkla. Men i skyttargravene kjem vi i møte med våre djupaste tankar, vår tru og vårt livssyn, seier Hans Kenneth Sundsbø.

## **Etiikk, takk!**

### **Etiikken må vera på plass**

Som prest i Forsvaret er ei av Sundsbø sine oppgåver å vera etisk rådgjevar og undervisa i etikk.

– For i ein organisasjon som forvaltar våpen og strategiar, så ser vi lett det sjølvsagte i å utvikla ein yrkesetikk og klare etiske krav til handling. Men det same behovet har vi andre stader i samfunnet, som i helsevesenet.

– Eit samfunn er oss, alltid oss. Aldri berre meg. Og dette fellesskapet er forankra i kravet om å handla godt og rett.

Sundsbø er krystallklar på kor viktig det er å utvikla etikken når vi har kapasitet til det, ikkje når det stormar og vi må ta raske og stressa beslutningar.

NRK-serien «Klar til strid» er populær. Kva tenkjer du om den framstillinga om krig og valdsbruk som kjem fram der?

– Klar til strid er ein spennande og litt krevjande serie, der vi får sjå usminka soldatkvardagar i oppretening og testing, svarar Hans Kenneth Sundsbø. Han vil ikkje seia så mykje om dei mest høgrøysta måtane å leia på.

Han fortel at målet for den militære opplæringa er å gjera menneske i stand til å gjera ting dei ikkje trudde var mogleg.

– Det kan vera krevjande å utsetjast for leiing, og vi veit at leiarane kjem i mange ulike former. Men soldatyrket er spesielt, og det er spesielt å bli trenar opp til krig. Det krev tillit til leiarane, og tillit til at eg som soldat kan gjera det som krevst.

Sundsbø synest det er viktig, verdifullt og flott å gje innblikk i ein så viktig samfunnsinstitusjon som Forsvaret er.



Kommandørkaptein Hans Kenneth Sundsbø frå Alversund er sjefsprest i Sjøforsvaret. Foto: Forsvaret

# Bygg Team VEST AS

Alt innan tømrarfaget!

# VATNE

begravelsesbyrå

Tlf: 56 35 09 10 (24t)  
Kvassnesvegen 11, 5914 Istdalsbø  
[vatne-byra.no](http://vatne-byra.no)

EL.INSTALLASJON - INGENIØRENESTER - SERVICE

Torhusmyrane 6  
Nordhordland Næringspark  
5913 Eikangervåg

Tlf: 56 34 24 30  
E-post: post@helland-elektro.no  
www.helland-elektro.no  
Foretaksregisteret: NO 986 751 718 MVA

SIKRINGEN  
- din elektriker

# Knarvik Blomsterstove

Kvassnesvegen 11 – 5914 Istdalstø  
Tlf: 56 35 62 20 – [www.knarvikblomsterstove.no](http://www.knarvikblomsterstove.no)

# Ambasadørar for håp

Tekst: Gunnar Kartveit

Foto Kirkens Nødhjelp

26.-28. mars går unge og vaksne frå dør til dør med innsamlingsbøsser for Kirkens Nødhjelps Fasteaksjon. I 75 år har Kirkens Nødhjelp gjeve menneske håp.

- Å delta i fasteaksjonen er å vera ambasadør for håp, seier generalsekretær Dagfinn Høybråten i Kirkens Nødhjelp.

- Håpets førstelinje er dei som kvar dag møter nauda i verda med kjærleik. Det kan vera ein lokal sjåfør i Nigeria som fraktar naudhjelp til uframkomelege område. Det kan vera ein lærar i Haiti som skaper mot og meistring hjå dei unge elevane sine. Det kan vera ein nabo i Afghanistan som deler av det vesle han har av mat. Det kan vera ein vassingeniør som borar etter reine dråpar vatn i Somalia. Dei er håpsfyrta!

- Men kan me skapa slikt håp?

- Det å skapa håp på globalt nivå krev eit langt større apparat enn berre førstelinja. Meir enn noko krev det støtte og engasjement. Nokon som trur at det nyttar. For Kirkens Nødhjelp kjem dette engasjementet frå kyrkjelydane i Norge.

- Kva gjer håp med oss menneske?

- Denne krafta kjem innanfrå, men vi greier sjeldan å tenna håpet i oss på eiga hand. Vi treng hjelp av andre til å planta håpsfrø i oss. Denne krafta er trua på at det vil bli betre.

- Kva har dette å seia for arbeidet med Fasteaksjonen?

- For mange menneske som har mist eigedom, som kanskje er på flukt etter ei naturkatastrofe eller ei konflikt, som ikkje har nok mat på bordet til familien, så er håpet ei trøyst. Det kan vera det som styrkjer akkurat nok til å koma gjennom dagen. Då trengst ambasadørar for håp!

Og generalsekretær Høybråten legg til:



-I kristen tradisjon er håpet gjort til menneske gjennom Jesus. Ved Han har vi fått fornya sjølve livet - den største trøysta ein kan få. Eit håp om ei betre tid, men også visse om at Gud elskar kvart einskild menneske. Det gjev håp og tryggleik.

- Å vera håpsambasadør er å ta på alvor det diakonale oppdraget vårt som medmenneske, skapte av Gud. Det inneber å spreie håp og trua på ei betre framtid til menneske i vanskelege situasjonar, anten det er i Somalia, Norge eller Ukraina.

## FASTEAKSJONEN: Kva vil det seia å få reint og nok vatn?

Tekst: Gunnar Kartveit

Følgjene av å ha reint og nok vatn spreier seg som ringar i vatn:

**HELSE:** Ureint vatn fører ofte til diaré og alvorlege sjukdomar i mage og tarm. Kolera er ein slik sjukdom som tek mange liv.

**UTDANNING:** Born må mange stader gå langt for å henta vatn til familien, og brukar så mykje av dagen til det at dei ikkje får tid til å gå på skulen. I mange kulturar er dette jentene sin jobb. Difor får jenter mindre utdanning enn gutter.

**ARBEID:** Når det kjem reint vatn i nærliken, får vaksne tid og helse til å arbeida. Det gjev viktige inntekter til familien.

**TRYGGLEIK:** Jenter og kvinner som går langt etter vatn, er utsette for overfall og overgrep. Slangar og dyr kan også vera farlege. Reint vatn midt i landsbyen tyder tryggleik.

**MAT:** For å dyrka mat, trengst vatn. Vatn trengst også for å laga matrettar av ulike slag.

**INNTEKT:** Utdanning og arbeid er viktige grunnlag for å få inntekter, og sleppa å vera avhengig av gåver og støtte frå andre.

**SAMARBEID:** Når Kirkens Nødhjelp borar etter vatn og skaffar reint vatn til ein landsby, er det ein føresetnad at det først vert etablert ein lokalkomite. Dei får m.a. ansvar for vedlikehald av utstyr. Fleirtalet i ein slik komité må vera kvinner. Det er dei som veit kor viktig det er å sleppa å gå langt etter vatn.



**FASTEAKSJONEN**

**26.-28. MARS 2023**

**Vipps til 2426**

[www.fasteaksjonen.no](http://www.fasteaksjonen.no)

**REIN LUFT.** Når det går lang tid utan regn, vert naturen tørr, og det vert mindre røter i jorda som held jordsmonnet fast. Litt vind kan føra til at lufta vert støvete. Det går ut over pust og andedrett.

**SAFE DRINKING WATER** heiter det gjerne på engelsk. Det minner oss om at vatnet både skal kjennast reint og vera reint.

## PÅSKEANDAKT

# Der skal de få sjå han

Tekst og foto: Øystein Skauge

*Han er stått opp frå dei døde, og no går han føre dykk til Galilea; der skal de få sjå han. (Matteus, 28,7)*

- han er stått opp

- no går han føre dykk

Slik tala engelen til kvinnene ved den tomme grava. Ekkoet frå englerøysta vil klinge inn i våre øyro kvar einaste påske. Aldri kan desse orda talast sterkt nok. Aldri får vi høre dei for ofte. Desse orda som meir enn alle andre ord kan vende opp ned på livet vårt. Og som endå meir kan snu opp ned på døden. Vår eigen død. Og den død som røvar våre kjære frå oss.

For når engelen forkynner at Jesus Kristus er oppstaden, at grava han hadde lege i er tom, då er det ein bodskap som går utanpå alt anna som er forkjent gjennom heile historia. For i desse orda ligg nemleg ikkje noko mindre enn dødsdommen over sjølvaste døden. Døden som frå Adam og Eva og like inn i vår eiga moderne tid har vore vår fremste fiende, den vart overvunnen av han som kom frå Gud. Han som var Guds eigen son, som var fødd som eit menneskebarn, som levde og verka i landet Israel for rundt 2000 år sidan, han er den einaste som har kjempa med døden og vunne.


Jesus er oppstaden! Det er påskeevangeliet.

Men det er meir: "- no går han føre dykk" heldt engelen fram då han tala til kvinnene. Det er som om det går ein veg frå den tomme grava og ut att i livet. Vidare inn i samfunnet. Første etappe var frå grava til Galilea.

For oss er det slik at Jesus går føre oss på vår livsferd som endar der vi, til liks med kvinnene, ein gong skal få sjå han ansikt til ansikt. Vår kristne von er at det skal vere i Guds evige rike. Men vegen dit, den startar her og no. Engelen peikar ut retning og mål for oss. Engelen kallar oss til å fylgje den oppstadne Kristus tilbake til livet, ut i samfunnet og heim til Gud.

Heile tida vil vår veg vere kanta med gravsteinar som minner oss om at vi enno må lide under dødens nedbrytande krefter. Men vår trygge tru er at vi fylgjer i fotefara til han som gjekk gjennom døden før oss. Han døydde for oss. Der framme skimtar vi han på vegen mot soloppgangen. Når vi kjem dit, bak vår eigen død, då skal engleorda som første gongen vart talte til to kvinner ved Jesu tomme grav gå i oppfylling. Til kvar og ein som fylgjer den oppstadne i tru er engelens lovnad: "- der skal de få sjå han"

God påske!



Altartavla i Alversund kyrkje

## Fasit påskequiz s. 12

1. Fordi den var oppdaget i den påskekedde (av den nederlandske oppdagaren Jacob Roggesveen). 2. Michael Saras. 3. Aslauð Lálastad Lýgræ. 4. Luna. 5. Teakwondo. 6. Klor. 7. Karbonmonoksid (kuilos). 8. Pontius Pilatus. 9. Gaius Julius Cæsar. 10. C. Iul. Jan Zelenez fra Tjekkia. 12. Karsten Warholm, 400 m hekk. 13. Pascal (Blaise Pascal). 14. Nidaros Paskemarsipan. 15. Ignaz Semmelweis, frå Ungarn, som møtte mykje motstand mot oppdagininga si om tydninga av handhyggiene.

**RISNES ELEKTRO AS**   
Elinstallatør • tlf. 56349620

# QUIZ OM PÅSKE OG MYKJE ANNA

ved familien Uthaug, Frekhaug



1. Kvifor har ei øy i Stillehavet fått namnet Påskeøya?
2. Kven var sokneprest på Manger på 1800-talet, var zoolog og fekk det første havforskingskipet oppkalla etter seg?
3. Kva heiter forfattaren som står på sokkel ved kyrkja på Lindås?
4. Kva er det latinske namnet på månen?
5. Vi har eit sørkoreansk ord i norsk språk som opphaveleg betyr kunsten å kjempe med hender og føter. Kva er det for eit ord?
6. Kva grunnstoff er svært giftig i gassform, men blir likevel brukt for at vi skal kunne bade?
7. Kva står den kjemiske formelen CO for?
8. Kven beordra krossfestinga av Jesus?
9. Kven vart utnemnd til diktator i Romarriket på livstid i år 44 f. Kr.?
10. Under det jødiske påskemåltidet Seder, er det ein tradisjon å dyppe persille i saltvatn og så riste det. Kva skal det symbolisere?
  - a. Vatnet som vart delt under flukta frå Egypt.
  - b. Det etterlengta vatnet under ørkenvandringa.
  - c. Tårene under slaveriet.
11. Kven har halde på verdsrekorden i spydkast for herrar sidan 1996?
12. Kva nordmann er den einaste som held på verdsrekord no i ei grein i friidrett og i kva grein?
13. Det franske ordet for påske Paques har gitt opphav til eit mannsnamn. Ein kjent filosof og matematikar har det som etternamn, og ei måleeinning for trykk er oppkalla etter han. Kva namn?
14. Kva produkt fekk ordet «påske» stroke frå produktnamnet frå denne sesongen?
15. Kven kan kallast «handvaskens far» pga ei oppdaging på eit sjukehus i Wien i 1848?

Sjå fasit på side 11.

## Alver Byggrenhold

**NORDHORDLAND BEGRAVELSESBYRÅ**

Ditt lokale gravferdsbyrå

ALLTID HER FOR deg

DU NÅR OSS PÅ TLF. 56 37 14 10 - 56 99 25 70

Kyrkjevegen 1      Havnevegen 31      Elvavegen 1  
Alversund            Frekhaug            Dalekvam

Torsvik Elektro AS er total-leverandør av elektroinstallasjoner i Alver

**Vi utfører:**


- Bolig og industri • Alarm
- Billadere • Adgangskontroll
- Tele/data-nettverk • Automatisering •
- Godkjent for kontroll av el. anlegg

Torsvik Elektro AS / Lager: Olsvollstranda  
Tlf: 56 38 50 00 / [www.torsvik.no](http://www.torsvik.no) / [post@torsvik.no](mailto:post@torsvik.no)  
KVALITETSBEVISST – LØSNINGSORIENTERT – SAMARBEIDSVILLIG

**Torsvik**  
ELEKTRO



# Diakonalt hjørne



Av Kari Marie Gurvin-Molvik

## Velkommen til kvardagsmiddag!

Annakvar onsdag inviterer me til kvardagsmiddag på Rastepllassen kl.16.30. Her kan ein kome til duka og dekka bord for å ete eit godt og rimeleg måltid saman.

...ein gong var me over 50!

Dei eldre kan kome med sitt levde liv, med ro og livsvisdom til dei yngre som gjerne er i sin travlaste livsfase; med familie, små born og alle ulike behov som skal møtast.

Det var ei skjønn eldre dame som sa til meg: "Me treng kvarandre." Der sa ho noko veldig viktig; me treng kvarandre gjennom å bli sett og hørt for den me er.

Det er nesten noko «magisk» som skjer når me sit slik og småpratar, ein gir kvarandre verdi.

Håpar eg har vekt lysten til å vera med på kvardagnmiddag. Menyen er enkel, og du er hjarteleg velkommen til å nyte god mat og eit godt felleskap!



# VINDAUGA

I denne spalta opnar me vindauga til menneske i andre delar av verda

Tekst og foto: Gunnar Kartveit

Fødselskyrkja i Betlehem får besøk frå heile verda. Kyrkja er bygd over staden der ein meiner at Jesus vart fødd og lagd i ei krubbe. Både utanfor og inne i kyrkja er det ofte lange køar av folk som ønskjer å sjå denne historiske plassen. Også mange frå vårt område har funne vegen dit.

Nokre få hundre meter lenger opp i Betlehem ligg ei anna kyrkje, den Evangelisk Lutherske Julekyrkja (Evang. Luth. Christmas Church). Mitri Raheb er prest der, og kyrkja driv både skule og diakonalt arbeid for folk i området. Kyrkja er der for alle. Mange av dei som er aktive i arbeidet til denne kyrkja, er palestininarar.

Det er mange som vitjar Betlehem utan å kjenna til denne kyrkja sjølv om ho er stor og godt synleg.

Men av og til får dei besøk av kristne som vil at også palestininarar skal bli kjende med Jesus. Då må presten og andre fortelja dei at kristendomen har vore der i 2000 år, så den kjenner dei godt.

I 2002 gjekk israelske soldatar til åtak på kyrkja. Dei øydedla delar av inngangspartiet, og tok seg inn i kontora og prestebustaden i kyrkja.

*Mitri Raheb møtte den israelske kommandanten som hadde ansvar for dette åtaket, med orda:*

*- Den er verkeleg klok som gjer fiende sin om til ein god nabo, og ikkje naboen sin til fiende*



Mitri Raheb



# Slekters gang

## Radøy

### Døypte

06.11.2022 i Knarvik kyrkje: Lucas Gutmanis Bruvik  
13.11.2022 i Hordabø kyrkje: Louie Bernárd Mellingen Jarnes  
20.11.2022 i Manger kyrkje: Elina Sæthre Haugland  
20.11.2022 i Manger kyrkje: Alma Kartveit Sundsbø  
20.11.2022 i Manger kyrkje: Bernhard Mangerøy-Wathne  
20.11.2022 i Manger kyrkje: Victoria Linnea Overå Hamre  
29.01.2023 i Hordabø kyrkje: Oline Haugland Stang  
12.02.2023 i Sæbø kyrkje: Sigrid Vetås Gjelsvik  
12.02.2023 i Sæbø kyrkje: Elias Lundervold Storheim

### Gravferd

28.10.2022 i Hordabø kyrkje: Harald Vågenes  
04.11.2022 i Sæbø kyrkje: Randi Helena Tjore  
22.11.2022 i Hordabø kyrkje: Ragnar Vågenes  
13.12.2022 i Sæbø kyrkje: Arild Skauge  
16.12.2022 i Sæbø kyrkje: Erling Storheim  
30.12.2022 i Manger kyrkje: Knut Baug  
27.01.2023 i Sæbø kyrkje: Åse Taule  
31.01.2023 i Hordabø kyrkje: Karl Bertin Bø  
10.02.2023 i Manger kyrkje: Trygve Vangen  
17.02.2023 i Hordabø kyrkje: Lillian Kristine Paulsen



### Manger kyrkjeforening

Har 9 medlemer som møtest på Rastepplassen andre måndag i månaden. I 2022 har dei hatt 9 møte, og dessutan ein basar basar som gav 45.000 kr i inntekt.

Foreninga har engasjert Åse Eriksen til å laga kyrkjeketstilar (til lesepulten). I tillegg kjøper dei inn dåpslys frå IKO og lysestakar som er laga av Aufera. Sidan alle borna som vert døypte i Radøy sokn får dette, vert også midlar frå kyrkjeforeningane på Hordabø og Sæbø brukte her.

---

### Vedlikehald, Sæbø kyrkje

Sæbø kyrkje står øverst på lista over kyrkjer som treng vedlikehald her i Alver.

Alver kommune har løyvd 2,5 mill kr til kyrkjevedlikehald. Av dette vil Kyrkjeleg fellesråd bruka 2 mill kr til Sæbø kyrkje.

Arbeid som treng å gjerast, er

1. Byta kopartak på klokketårnet
2. Måla heile kyrkja
3. Restaurera alle vindauge i kyrkja. Spesielt tårnet er därleg.
4. Byta roten kledning og därleg sutak under kopar.
5. Spyla heile kyrkja og kyrkjeketaket
6. Sjå over alle takbeslag og takheller som event kan være lause.
7. Diverse uforutsett

No vil Fellesrådet henta inn anbod, og vonar at summen er tilstrekkeleg for å få gjort alt som trengst.

---

### Moster 2024:

#### Feira fortid – forma framtid

I 2024 markerer vi at det er 1000 år sidan Olav Den Heilage innførte Kristenheten på Moster. Dette blei starten på viktige prosessar for landet vårt, som leia fram mot rettsstaten Noreg. Ei stor endring var at retten ikkje lenger skulle følgja dei som hadde makt. Samfunnet fekk no ansvar for dei svakaste.

Jubiléet får ei ekstra adresse til born og unge, og skal fokusera på verdiane Noreg er bygd på og lyfte fram den store samtalens om kva Noreg skal vere i framtida.



Frå v.: Alina, David, Oleksandr, Luba og Polina

### Ukrainaflyktningar på radøy

Denne familien frå Mirgorod i Ukraina deltok på ortodoks julefeiring i Knarvik kyrkje. Dei bur no i Austmarka.

# Tankestrek

Av Gunnar Kartveit

«Å, du som metter liten fugl, velsign vår mat, å Gud. Amen.»

Slik syng mange før måltidet startar.

Mange brukar også dette bordverset:

«Gud signe maten på vårt bord  
Og mette kvar ein munn på jord.  
Gud signe oss med faderhand,  
Gud signe heim og folk og land.  
Amen.»

I mange forsamlingar er dette ei vanleg innleiing til måltid.

Og det er mange andre slike faste bordbøner.

Kvífor bordbøn?

Bordbøn gjev uttrykk for **takksemd**. Me takkar Gud for det han gjev av si rause hand, og me takkar og bed om velsigning for alle hendene som har arbeidd slik at me kan få mat.

Det er lett å ta det som sjølvsgåt at me har rikeleg tilgang på mat, og reint vatn, kle, hus osv. Dét er langt ifrå sjølvsgåt for alle.

Desto viktigare er det å takka. For når me er takksame for det me har, vert det viktig for oss å bruka og ta vare på det me har. Forbruket i Norge er over tolegrensa, og mengden av både god mat og brukbare kle som vert kasta, er alt for høg. Takk er difor ei hjelptil **eit forsvarleg forbruk, ein Gudskjærleik med nøysemd**.

Takksemd hjelper oss også å **dela**. Og når me deler, tek me eit steg nærmare **rettferd**. Å vera menneske, er å leva i fellesskap og ta ansvar for kvarande. Å dela er naudsynt både for andre sin del og for vår eigen del ved å kjenna at me er medmenneske.

Det er dette me bed om i Vår Far: «Gjev oss i dag vårt daglege brød.» Då ønskjer me at alle menneske skal få det som trengst til dagleg liv.

I Radar nr 4/22 kunne me lesa om Bordbønnteringen, eit godt hjelpemiddel til bordbøn. Me kan lesa meir om den på nettsida [www.bordbonnteringen.no](http://www.bordbonnteringen.no).



J. William Kay  
Organist /Rådgjevar  
915 91 482



Kari Marie Gurvin-Molvik  
Diakonimedarbeidar  
932 01 354



Torstein Skjelvik  
Fagarbeidar  
988 34 468



## DEN NORSKE KYRKJA

### Radar:

Radøy kyrkjekontor Idrettsvegen 1  
A, 5936 Manger

### Opningstid:

Tysdag – onsdag kl 10.00 – 14.00.

### Telefon:

4000 1691  
kvar dag kl 10.00 – 14.00.

post.radoy@kyrkja.no www.kyrkja.no/radoy

### Facebookside:

radoykyrkjelyd

### Kontonummer:

3636 07 04682

### Vipps:

24042

Hugs å merka kva betalinga gjeld.



Helge Taranrød  
Prost  
415 28 318



Kjell Johan Sekkingstad  
Sokneprest  
951 41 360



Bjørn Dalsgård Nygård  
Prestevikar  
412 59 586



Wilco Vogelaar  
Kyrkjelydspedagog  
479 73 670



Ørjan Abrahamsen  
Fagarbeidar  
951 67 539



### Alver kyrkjeloge fellesråd

Lonsvegen 1, 5914 Isdalstø

post.alver@kyrkja.no

www.kyrkja.no/alver

Kyrkjeverje: John Fredrik Wallace

jw734@kyrkja.no

Leiar i fellesrådet: Tove Sneås

Skauge, tovesneska@gmail.com

Soknerådsleiar Radøy:

Gunnar Kartveit

gunnar@kartveit.com

### Radar

Utgjevar: Soknerådet i Radøy sokn, i samarbeid med Meland sokn, Knarvik sokn, Osterfjorden sokn, Mo sokn og Lindås sokn.

Redaktør: Øystein Skauge

Lokal redaksjon: Gunnar Kartveit og Håkon Glatved-Prahli

Grafisk design: Simen Søvik

Trykk: Bodoni AS

Framsidebilete: Foto: Anette Torjusen, Kirkens Nødhjelp



John Fredrik Wallace  
Kyrkjeverje  
482 84 872



Grethe Lunde  
Dagleg leiar Radøy og Lindås  
906 13 452



Gyda Matland  
Administrasjonssekretær  
400 01 691



Håkon Glatved-Prahli  
Kyrkjeterar  
900 89 450

# GUDSTENESE-KALENDER

**12.03.2023**

Sæbø kyrkje 11:00  
3. søndag i fastetida  
Bjørn Dalsgård Nygård, Vidar Eldholm.

**19.03.2023**

Manger kyrkje 11:00  
4. sundag i fastetida  
Kjell Johan Sekkingstad, John William Kay.

**26.03.2023**

Hordabø kyrkje 11:00  
Maria budskapsdag  
Bjørn Dalgsård Nygård, John William Kay.

**02.04.2023**

Manger kyrkje 11:00  
Palmesundag  
Bjørn Dalsgård Nygård, John William Kay.

**06.04.2023**

Sæbø kyrkje 19:00  
Skjærtorsdag  
Bjørn Dalsgård Nygård, Vidar Eldholm.

**07.04.2023**

Sæbø kyrkje 19:00  
Langfredag  
Kjell Johan Sekkingstad, Vidar Eldholm.

**09.04.2023**

Sæbø kyrkje 11:00  
Påskedag  
Kjell Johan Sekkingstad, Vidar Eldholm.

**16.04.2023**

Manger kyrkje 11:00  
2. sundag i påsketida  
Bjørn Dalsgård Nygård, John William Kay.

**23.04.2023**

Hordabø kyrkje 11:00  
3. sundag i påsketida  
Kjell Johan Sekkingstad, John William Kay.

**30.04.2023**

Manger kyrkje 11:00  
4. sundag i påsketida  
Bjørn Dalsgård Nygård, John William Kay.

**06.05.2023**

Sæbø kyrkje 12:00  
Konfirmasjonsgudsteneste  
Kjell Johan Sekkingstad.

**07.05.2023**

Emigrantkyrkja 11:00  
5. søndag i påsketida  
Konfirmasjonsgudsteneste  
Kjell Johan Sekkingstad.

**13.05.2023**

Hordabø kyrkje 11:00  
Konfirmasjonsgudsteneste  
Bjørn Dalsgård Nygård, John William Kay.

**13.05.2023**

Hordabø kyrkje 13:00  
Konfirmasjonsgudsteneste  
Bjørn Dalsgård Nygård, John William Kay.

**14.05.2023**

Manger kyrkje 11:00  
6. søndag i påsketida  
Bjørn Dalsgård Nygård, John William Kay.

**14.05.2023**

Manger kyrkje 13:00  
6. søndag i påsketida  
Bjørn Dalsgård Nygård, John William Kay.

**17.05.2023**

Sjå lokale oppslag, nettsider  
for informasjon om 17.mai.

**21.05.2023**

Sæbø kyrkje 11:00  
Sundag før pinse  
Kjell Johan Sekkingstad,  
Vidar Eldholm.

**28.05.2023**

Manger kyrkje 11:00  
Pinsedag  
Bjørn Dalsgård Nygård, John William Kay.

**29.05.2023**

"Katedralen" på Bø 11:00  
2. pinsedag  
Bjørn Dalsgård Nygård.

**04.06.2023**

Hordabø kyrkje 11:00  
Treeiningssøndag  
Kjell Johan Sekkingstad,  
John William Kay.

**11.06.2023**

Manger kyrkje 11:00  
2. sundag i treeiningstida  
Bjørn Dalsgård Nygård, John William Kay.

**18.06.2023**

Tjorehagen 11:00  
3. sundag i treeiningstida  
Kjell Johan Sekkingstad.

**25.06.2023**

Manger kyrkje 11:00  
4. sundag i treeiningstida

**02.07.2023**

Emigrantkyrkja 11:00  
5. sundag i treeiningstida

**DET SKJER:**

Babysong, Rastepllassen.  
Kvar måndag kl 11:00.  
For born og foreldre.

Dåpsskule, Manger kyrkje,  
Kyrkjestova  
Kvar tysdag kl 14-15:30  
2. og 3. klasse

Kvardagsmiddag for alle,  
Rasteplassen.  
Annankvar onsdag,  
oddetalsveker, kl 16:30  
20 kr pr person.

Påmelding tlf 932 01 354  
Bibelttime v/ Magnar  
Kartveit om Markus-  
evangeliet etter middagen  
29.3. kl 18.

Barnekor, Manger kyrkje,  
Kyrkjestova  
4 år – 3. klasse  
.Annankvar onsdag,  
partalsveker, kl 17-17:45.

Radøy damekor,  
Rasteplassen  
Øving kvar onsdag kl 19:30.

Manger kyrkjeforening,  
Kyrkjekontoret  
Vanlegvis andre måndagen i  
månaden, kl 15:30

Utstilling, julekrybber o.a.,  
Rasteplassen  
Utstilling av julekrybber  
frå mange land og andre  
dekorasjonar/symbol

For meir info:  
Sjå kyrkja.no/radøy



Sæbø kyrkje



Manger kyrkje



Emigrantkyrkja



Hordabø kyrkje